

Årsmelding Sirdal bygdekvinnelag 2017

Bygdekvinnelaget har 25 medlemmar, som i fjor. Det er fleire som seier dei er interesserte, men dei melder seg dessverre ikkje inn.

Kontingenten for 2017 er kr. 650,-, der kr. 525,- går til NBK og kr. 125,- til fylkeslaget. Lokallaget sponsar kr. 100,- per medlem om ein sjølv bed om det.

Styret 2017:

Leiar: Solveig Marie Ådneram (har eitt år att)

Nestleiar: Karine Tjørhom Myhra (har eitt år att)

Sekretær: Åse-Berit Fidjeland (på val)

Studieleiar: Helin Morel (på val)

Kasserar: Anita Haugen (på val)

1. vara: Gro Nilsen - møter fast på styremøta (på val)

2. vara: Sølvi Manneråk (på val)

Valkomitè: Perny Hommeland Haugen og Wenche Svanes (på val)

Revisor: Anne Mette Hovland (på val)

Aktivitetar og arrangement:

Styret hadde konstitueringsmøte 08.11.16, og har hatt fem (5) styremøte i løpet av året.

Oktober: Lefse- og flatbrødkurs v/Helga Hadland og Bente Fidje i oktober med åtte (8) deltakarar (medlemsarrangement)

21/11: Refleksnatursti der 63 personar, dvs. 48 barn og 15 vaksne, deltok (ope arrangement)

7/12: Persesyltekurs på Tjørhom grendehus der åtte (8) personar deltok (medlemsarrangement)

15/1: Juletrebrenning med juletrekastekonkurransse med tre (3) små og ein vaksen (ope arrangement)

26/2: Basar med inntekt til Øvre Sirdal leitegruppe - eit ope arrangement der 116 personar (66 vaksne og 50 barn) møtte opp. Me fekk inn kr. 46 995,- der kr 30 000,- vart gitt til leitegruppa. Omtale i Agder - Flekkefjord Tidende 24.05.17, samt i Sirdalsmagasinet

7/3: Sunn matglede v/Berit Haughom og Inger Marie Rokstad for fem (5) barn og tre (3) foreldre (ope arrangement med påmelding)

14/3: Oppfølgingskurs etter "Bygda i bevegelse" i friluftslivets år: "Naturen som spiskammers" v/Anne Lise T. Gjesdal med ti (10) deltakarar (ope arrangement med påmelding)

1/6: Medlemstur til Hove plantesalg m/middag på Gamlaverket, Sandnes, med seks (6) deltakarar (medlemsarrangement)

30/6: Sommaravslutning på Sølvgården for medlemmar med åtte (8) påmelde, der fire (4) møtte opp

Elles arrangerte Sirdal bygdekvinnelag "**Peparkakebygda**" saman med biblioteket for tredje gong der det kom inn ti (10) bidrag. På **Suppefestivalen** på Tonstad delte me igjen ut kald rabarbrasuppe, rundt 240-250 smaksprøvar. Leiaren i Sirdal bygdekvinnelag hadde møte med fleire instansar, og fekk Sirdal kommune til å planta og vatna staudar i **rundkøyninga** på Sinnes. **Lesesirkelen** held fram, nå med sju damer som møtest om lag ein måndag i månaden på biblioteket, og i år var tre (3) av dei på bokkafé med Maja Lunde/*Bienes historie* på Hå gamle prestegard, og me har sett "Åndenes hus" på video. Bygdekvinnelaget held òg fram med ei **velkomsthelsing**, blom og informasjonsskriv, til nye innbuarar.

Linedancekurs og kurs på Stavanger glassblåseri vart avlyste pga. for få påmelde, og alle arrangementa har ikkje hatt like god oppslutnad, men me meiner at dei som har møtt opp, har hatt godt utbytte.

Det store arrangementet i år var årsmøtet 24.-25 mars på Sirdal høvfjellshotell saman med Bjerkreim bygdekvinnelag. Planlegginga kom noko seint i gang, truleg grunna dårleg kommunikasjon på fylkesnivå, men Anita Haugen møtte på møta og tok mykje av arbeidet då Solveig Marie hadde barselpermisjon. SBK hadde ansvar for underhaldning på festkvelden saman med BBK og gåver, levert av Karin Tove Netland, til innleiarane fredag. Dei fekk ei skiferplate med decopagedekor og chilisyltetøry frå Littlestøl og spekepølse frå HaugenBoer. Arrangementet starta med "Det er her me høyrer til" sunge av elevar i 1.-4. klasse på Sinnes skule, Sølvi Manneråk hadde skrive song til årsmøtet, varaordførar Egil Netland ønskte velkomen til festmiddagen og Per Magne Sinnes viste bilete og fortalde om Sirdal og turmål året rundt. Rogaland bygdekvinnelag var særst nøgde med arrangementet. Delegatar frå Sirdal bygdekvinnelag var Anita Haugen og Åse-Berit Fidjeland.



Solveig Marie Ådneram var delegat på årsmøtet i Norges bygdekvinnelag (NBK) i Lyngdal på RBK sitt leiarmøtet i Gdansk i november, og Åse-Berit Fidjeland var på inspirasjonsseminar om Norsk tradisjonsmat på Bore 31. august.

Styret for 2017 arrangerer òg refleksjakt måndag 23. og jordeplekakebakekurs i slutten av november.

Fidjeland 18.10.17, Åse-Berit Fidjeland (skrivar)